
Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: mandag 8. januar 2018 12.32
Til: Postmottak Radøy
Kopi: Tonje Nepstad Epland
Emne: Uttale - Radøy - Gnr 45 bnr 8 9 - Manger - Ny grunneigedom for eksisterande bustad og arealoverføring til landbrukseigedom - Dispensasjon

Radøy kommune

Bergen 8. januar 2018

Vår ref: 18/330

Dykkar ref:

Uttale til søknad om dispensasjon - Frådeling av bustadeigedom på gnr. 45 bnr. 8 og 9 på Manger Øvre, Radøy

Vi viser til kommunen si oversending av saka datert 05.01.18.

Saka gjeld frådeling av bustadeigedom på gnr. 45 bnr.8 og 9 på Manger Øvre. Omsøkt frådeling er på rundt 11 dekar, og krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen.

Den 18.12.17 påklaga Fylkesmannen ei tilsvarande frådeling til bustad på same eigedom rett ved. Dette var ei frådeling på 1,5 dekar. I denne saka gjekk det ikkje klart fram at frådelingssaka hang saman med ei sak om bruksrasjonalisering. At begge søknadene om frådeling gjeld bruksrasjonalisering gjer at grunnlaget for dispensasjon frå plan- og bygningslova blir styrka.

Vårt råd til kommunen er nå gjøre ei samla vurdering av alle dei tre pågåande sakene på eigedomen, jordlovssaka pluss dei to frådelingssakene. Fylkesmannen vil akseptere begge frådelingane under føresetnad av at frådelingane får eit nøkternt omfang, og ikkje kjem i konflikt med landbruksareal som er i drift.

Ei frådeling på 11 dekar som omsøkt er for omfattande. Tomta må justerast vesentleg ned i storleik, til det som berre omfattar bygningsmassen. Eit areal på 2-3 dekar vil vere tilstykkeleg. Alt landbruksareal må tilfalle landbrukseigedomen.

Fylkesmannen trekk klagen frå 18.12.17 til frådeling av bustadeigedom ved sidan av.

Med venleg helsing

Morten Sageidet
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
kommunal og samfunnsplanavdelinga
tlf: +4755572057

www.fylkesmannen.no/Hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

[Send melding til Fylkesmannen](#)